Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
2. 11. 2014
Ark. saksnr | Løpenr
Saksh. | Tilgangskode

Lindås kommune
Plan- og miljøutvalet
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Odd Høydalsvik - 55516377 | 2012/093249-010 | 14/1891 - 14/24648 | 10.11.2014 |

**Offentleg ettersyn - Reguleringsplan Breimyra - Alverflaten - gnr. 137 bnr. 109 og 144 m. fl - Lindås kommune**

Vi viser til Dykkar brev av 04.11.14 med framlegg til reguleringsplan for gnr. 137, bnr. 109 og 144 m. fl., Breimyra, Alverflaten 10 i Lindås kommune.
Vi viser og til våre merknader til oppstart av planarbeidet i brev av 09.08.12, 22.01.13 og 22.04.13.

Planområdet er på ca. 9,953 daa og ligg nordaust for krysset mellom fylkesveg 565 Alverflaten og den kommunale vegen Alvervegen nær Ikenberget bustadområde. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for nye bustader på dei to eigedomene Alvervegen 10 og 12 der det ligg to einebustader. Planframlegget legg opp til utbygging av 28 bustadeiningar med eit skjerma fellesareal mot fylkesveg 565 og Alvervegen.

Det er opplyst at det er utarbeidd støyrapport for tiltaket, men støyrapporten ligg ikkje ved plandokumenta. Planframlegget foreslår støyskjerm både langs fylkesvegen og den kommunale vegen Alvervegen, men det er ikkje opplyst om det er trong for ytterlegare tiltak for å tilfredsstille krava i støyforskrifta T-1442/2012.
Busshaldeplassen o_HP1 er vist i frisiktsona til krysset mellom Alverflaten og Alvervegen. Dette er ei uheldig løysing som kunne vorte noko betre ved flytte busshaldeplassen lenger mot nord. Etter det vi kan sjå er ikkje krysset mellom Alvervegen og f_KV4 utforma i samsvar med tekniske krav i handbok N100 då avkøyringa ikkje tilfredsstiller kravet om minimum svingeradius på 4 meter. Dette forholdet bør vurderast nærmare.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen